



T&R HAUGEN MASKIN AS
Grodås
6763 HORNINDAL

Att. Thorolf Aarøen

Løyve til å arbeide med asbest og asbestholdige produkt

Vi viser til søknad av 08.11.2018 om løyve til sanering av asbestholdige rørledingar, vedlagt arbeidsinstruks, kursbevis og bekrefting på helsekontroll

Ut frå opplysningane i søknaden har verksemda med organisasjonsnummer **812178792** fått løyve til å arbeide med riving/fjerning av asbest, jf. forskrift om utførelse av arbeid § 4-3.

1. Løyvet gjeld sanering av vann og avløpsrør (eternittrør).
2. Berre personar som har dokumentert opplæring i den typen arbeid som skal utførast, kan utføre arbeidet. På spørsmål frå Arbeidstilsynet skal det kunne dokumenterast at arbeidstakarane har fått nødvendig opplæring og gått igjennom ei helseundersøking, jf. forskrift om utførelse av arbeid §§ 4-5 og 4-13. Arbeidet må utførast i tråd med arbeidsinstruks og med nødvendig verneutstyr, jf. forskrift om utførelse av arbeid §§ 4-6 og 4-15.
3. Seinast ei veke før arbeidet startar, skal det sendast melding til Arbeidstilsynet på eige skjema, jf. forskrift om utførelse av arbeid § 4-4. Skjemaet er tilgjengeleg på internett: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/kjemikalier/asbest/>
4. Løyvet kan ikkje overførast til andre verksemder. Dersom verksemda opphøyrer, er løyvet ikkje lenger gyldig.

Løyvet gjeld fram til: 15.12.2021.

Ein eventuell ny søknad om løyve etter forskrift om utførelse av arbeid § 4-3 må sendast i god tid før utløpet av dette løyvet. Søknaden må sendast på eige skjema og fyllast ut med nødvendige underskrifter. Ved fornying av løyvet må det dokumenterast at alle som skal arbeide med asbest, har gått igjennom fornya opplæring i løpet av dei siste tre åra, jf. forskrift om utførelse av arbeid § 4-5 femte ledd. Arbeidstilsynet kan trekke tilbake løyvet dersom verksemda ikkje lenger oppfyller vilkåra eller på annan måte handlar i strid med forskrifta.



De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og **rett** til å sjå saksdokumenta, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at du som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir du kopien til representanten for dei tilsette.

Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd.

Frå 1. januar 2019 vil ikkje Arbeidstilsynet lenger senda ut brev på papir til dei som ikkje opnar brev i meldingsboksen sin i Altinn. Treng du hjelp til innlogging, navigering, delegering eller anna knyta til bruk av Altinn, kan du kontakta Altinn brukarservice: www.altinn.no/hjelp/

Vi ber om at de viser til vår referanse 2018/48996 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandet

Jan Petter Sæbø
Tilsynsleder
(sign.)

Hilde Austrheim
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.